

**Fra:** Erlend Trones (erlendtr@gmail.com)

**Sendt:** 28.10.2015 18:07:39

**Til:** ag.hestetun@gmail.com; Fylkesordfører; Marthe Hammer; Tom Sverre Tomren

**Kopi:**

**Emne:** Re: Ferjetilbudet mellom Ullensvang aust og vest

**Vedlegg:**

Hei!

Eg har eit moment til som eg gjerne vil få leggja til i spørsmålet om det kraftig nedskorne rutetilbudet på ferjesambandet Kinsarvik-Utne, jf. tidlegare e-postkorrespondanse.

I Hardanger folkeblad i dag står det at arbeidet med å sikra og utbetra Deildo-parsellen på strekkja mellom Lofthus og Børve kjem i gang på nyåret i 2016, og at det truleg vil vara i to og eit halvt år. Dei skal rusta opp vegen, utvida han og sikra han mot ras i eit bratt fjellområde. Det vert naudsynt å stengja vegen i periodar, og det er ikkje omkøyringsmoglegheiter.

Det seier seg sjølv kva vanskar dette skapar for dei som treng å ferdast mellom austsida og Odda, eller mellom austsida og vestsida av fjorden når store delar av ferjetilbudet mellom Kinsarvik og Utne samstundes er lagt ned.

Eg vonar dette kan gjera det endå klarare for fylkeskommunen at me i Ullensvang sårt treng eit ferjetilbod mellom aust- og vestsida av fjorden også mellom kl. 9 og 13 på dagtid og dessutan på kveldstid alle vekedagar heile året!

Med venleg helsing

Erlend Trones

innbyggjar i Ullensvang